



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2012

ÅRGANG 27

## Gjenopning av Pustut 13. oktober



.....og Klubbefesten blir 3. november.

## Leiar

### Hyttehelgar og klubbefest på menyen

Sogn og Fjordaneringen er allereie i gang med dei faste øvingane tysdagskveldane. Dei ynskjer nye folk velkomne på dansane. Seinare i haust skipar dei til fellestur til leikfest på Jessheim og til Kongsberg på nyåret, sjå heimesida deira: [www.sognogfjordaneringen.no](http://www.sognogfjordaneringen.no)

### Gjenopning av Pustut 13. oktober

Laget har andre ting å by på også; opprustinga av Pustut, Sunnfjordhytta på Sinober, nærmar seg slutten, såpass at hytta kan takast i bruk att. Markeringa av det vert helga 13.–14. oktober, med smalahoveeting laurdag 13. oktober frå kl. 18 og utetter. Jubileumsfesten blir til våren, men allereie no er det høve til å gje ei eiga jubileumsgåve til hytta, sjå under.

### Klubbefesten 3. november

Så er det Klubbefesten då, den årvisse, i år den 84., som samlar folk i Storsalen fyrste laurdag i november, i år den 3. Enno er ikkje programmet i boks, men det blir både full klubbemiddag, god underhaldning og dans. Alt om den tradisjonsrike festen vår i neste nr. av Tre Fjodar.

Men før den tid kan folk fara på Nordfjordhytta og kosa seg med ost og anna godt siste helga i september, 29.–30., sjå eiga kunngjering.

### Gje ei jubileumsgåve

Det har teke si tid og kosta sine kroner å renovera og byggja nytt på Pustut, der var meir å ta tak i enn me visste om. No er det likevel rett før hytta kan takast i bruk att, og i samband med det trengst både gode gåver som kan koma vel med på ei lagshytte, og runde kronesummar som kan setjast inn på laget sin konto, 0531 27 71723. Merk innbetalinga med Jubileumsgåve PUSTUT og eige namn og adresse, store og små summar er velkomne.

*Alv Reidar Dale*

Lagsleiar

---

# Osteselskap på Nordfjordhytta

## 29. - 30. september

Vi inviterer til hyttehelg med god mat, drikke og prat  
Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid ca. kl. 19 laurdagskvelden.  
Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag  
Før festmåltidet (ca kl. 1700) på laurdag vil det bli reising og innviing av ny flaggstong.  
Vi håper på offisiell markering av leiaren eller ein annan i lagsstyret

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

[astrid.gjorven@vikenfiber.no](mailto:astrid.gjorven@vikenfiber.no) - tlf. 22183295 (h), 98681829 (m)  
[dagfinn.aa@online.no](mailto:dagfinn.aa@online.no) - tlf. 21094802 (a), 45004933 (m)

---

## Lindmo Talkshow i NRK 1

NRK 1 vil gjerne ha ei stor gruppe publikum frå Sogn og Fjordanelaget og ringen.

Opptaket foregår i Studio 1, NRK Marinlyst, 21. september kl. 16.30 - 19.

Håpar mange har lyst, så vi blir en stor "gjeng". Det er gratis.  
De som vil vere med frå ringen og laget, meld frå til meg på  
e-post: [tonei@online.no](mailto:tonei@online.no)  
telefon: 64 86 99 66  
eller mobil: 91 17 72 64

Helsing Tone Eid



**Velkommen til Lindmo,  
NRKs nye talkshow!**

Hei! Vi vil gjerne invitere dere med på en morsom, spennende og alldeles gratis opplevelse i studio 1 på NRK Marienlyst!

Hver fredag spiller vi inn talkshowet vårt og vil gjerne ha dere med oss i publikum. Programleder Anne LINDMO inviterer til fjernsynsfest med hjertelige møter, gode historier, aktuelle gjester og live musikk. Som publikum får man et spennende innblikk i baksiden av vår produksjon og ser den usensurerte versjonen av alle intervjuer og opptredener!

For praktisk informasjon og påmelding følger dere linken til publikumssidene våre: <http://nrkaktivum.no/lindmo>

Velkommen skal dere være!

Hilsen alle oss i LINDMO.





# Sogn og Fjordaneringen med musikk, song og dans på sjukehus og sjukeheimar i Bærum 17. mai

Sogn og Fjordaneringen stilte opp med underholdning på sjukehus og sjukeheimar i Bærum som ringen har gjort i over 50 år. Med tolv dansarar og Solvor som spelte vart det 17. mai stemning for bebuarane og tilsette. Dagfinn kunne ikkje være med og vi fann fort ut at vi sakna han, spesielt i songdansen. Veret var ganske bra, men kaldt. Ved Mariehaven bo- og behandlingssenter, sat alle ute på terrassen og fraus, så vi spurte om å få danse inne for bebuarane si skyld.



På Martina Hansens Hospital dansa vi i både 2. og 3. etasje og som vanleg fekk vi velsmakande marsipankake og kaffi etter på. Ingvard Helland takka oss høgtideleg for underholdninga. Det ser ut som Astrid og Eldbjørg kosar seg og det gjorde vi andre også.



Her dansar Solveig og Finn ein stilfull vestlandsspringar på Dønski bo- og behandlingssenter. Vi underheldt også på Valler bo- og behandlingssenter. Der har dei også ei stor stove så vi dansa inne.

På Spesialsjukehuset for epilepsi, takka Tor Arne Hjelmseth for underholdninga og ga ein blomsterbukett til ein utvald og i år vart det Voi.

Det ble en trivelig 17. mai også i år!





## Bygdelagsstemne på Bygdøy

Tradisjonen tru arrangerte BLS Bygdelagsstemne på Folkemuseet på Bygdøy 3. juni 2012. Finare omgjevnader for stemnet kan ein ikkje få. Den nye ute-scena passa bra for ungene. Dei vaksne likar best å danse i dei gamle tuna.

Rett før stevnetoget skulle starte kom det eit regnskur. Heidi Grymyr bad ungene vere inne, så dei ikkje vart våte og kalde (bra!). Kl. 13 vart det opphald og toget kunne gå. Det vart eit vellukka stemne i fint ver.

Tekst: Tone Eid.  
Foto: Svein Aasen.



På hovudscena hadde Barnelaget i BLS med minstegruppa, mellomstegruppa og størstegruppa, og Barnelaga i BUL - BUL Young og Bulder og brak - Halling og Norsk Folkemuseums dansegruppe fine danseoppvisningar.



Solveien Spelemannslag underheldt ved kafeen på Festplassen.



Det var mange aktivitetar på Folkemuseet denne dagen. Ei ung "bakstekone" viser korleis dei bakte i gamle dagar.

Ingrid Grønmo (til høgre) viser kven ho representerer.





## Sogn og Fjordaneringen

<http://sognogfjordaneringen.no>

### Hausten 2012

Dato	Dag	Tid	Stad	Aktivitet/Lenke
28.aug	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
02.sep	søndag	18:00-19:30	Blåsalen	Minikurs i <a href="#">Vestlandsspringar</a>
02.sep	søndag	17:30-23:00	Storsalen/Blåsalen	Arrangør folkedanskvelden
04.sep	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
11.sep	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
18.sep	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
25.sep	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
29.-30. sept.	laurdag-søndag	(17) 19 ->	Nordfjordhytta	<a href="#">Osteselskap</a>
02.okt	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
09.okt	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
16.okt	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
23.okt	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
30.okt	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
06.nov	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
13.nov	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
20.nov	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
25.nov	søndag	18:00-19:30	Halli	Minikurs i <a href="#">Bingsjøpolska</a>
25.nov	søndag	17:30-23:00	Storsalen/Halli	Arrangør folkedanskvelden
27.nov	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
04.des	tysdag	18:00-22:00	NB22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
09.des	søndag	18:00-22:00	Halli	Minikurs i <a href="#">Bodapolska</a>
09.des	søndag	17:30-23:00	Storsalen/Halli	Arrangør folkedanskvelden
11.des	tysdag	19:00-22:00	NB22, Storsalen	Julemøte

## Søndagsdans / folkedanskveld

Alle søndagane frå 16. september til 9. desember er det folkedanskveld kl. 19.30 - 22.45 i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen.

I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

### Inngang søndagsdans:

Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

### Inngang minikurs:

Alle kr. 120,- (inkluderer påfølgjande søndagsdans)

### SWING IT:

Alle kr. 150 pr. gong eller kr. 500 for fem gonger. Fri adgang til etterfølgende folkedanskveld

Sal av kaffi/te og vaflar. Alkoholritt miljø!

### Velkommen til søndagsdans i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo!

... "usikker på golvet" ? - då kan du vurdere deltaking på eit [DANSEKURS](#) ?

Detaljert program på

<http://bls.ungdomslag.no/index.php?sideid=206&meny=2&submeny=1>

## PROGRAM FOR HAUSTEN 2012

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Følg med på

<http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag Kl. 18–22 Folkedansøving i Storsalen. Første gongen 28/8 og siste gongen 4/12. Julemøte 11/12.  
Aktivitetskalender: <http://www.sognogfjordaneringen.no>

Laurdag 21/9 Lindmo talkshow i NRK

Helga 29-30/9 Osteselskap på Nordfjordhytta

Laurdag 13/10 Pustut – gjenopning av hytta.

Laurdag 3/11 Klubbefest

Tysdag 11/12 Julemøte kl. 19 i ringen

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste er **9/10**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for eventuelt å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvallestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Me oppmodar folk om å senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringsar med e-post. Og besøk gjerne nettsidene til laget for meir informasjon: [www.sognogfjordanelaget.no](http://www.sognogfjordanelaget.no)

# A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

**Kasserer:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvallestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)

### Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

### Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no) 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

---